

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
FAST UTVAL FOR PLANSAKER	05.07.2018	062/18
KOMMUNESTYRET	29.08.2018	067/18

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole		
Saksbehandlar: Terje Systad	Arkiv: K2 - L12	Arkivsaknr 16/1044

Eigengodkjenning av detaljregulering for del av Ødegårdsvegen og Langlovegen

Rådmannen si tilråding:

1. Detaljregulering for del av Ødegårdsvegen og Langlovegen med tilhøyrande plankart revidert 4.5.2018 og reguleringsføresegner revidert 4.5.2018 blir vedteken.
2. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12

05.07.2018 FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret samrøystes

PLA- 062/18 Vedtak:

1. Detaljregulering for del av Ødegårdsvegen og Langlovegen med tilhøyrande plankart revidert 4.5.2018 og reguleringsføresegner revidert 4.5.2018 blir vedteken.
2. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12

29.08.2018 KOMMUNESTYRET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

KOM- 067/18 Vedtak:

1. Detaljregulering for del av Ødegårdsvegen og Langlovegen med tilhøyrande plankart revidert 4.5.2018 og reguleringsføresegner revidert 4.5.2018 blir vedteken.
2. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12

SAKSUTGREIING

Det blei i møte med kommunestyret 21.9.2016, sak KOM-070/16 vedteke oppstart av detaljregulering for ny gangveg langs Ødegårdsvegen og Langlovegen. Bakgrunnen for planarbeidet var at det i samband med endringar av VA- anlegget langs Ødegårdsvegen var eit ønskje om å etablere gangveg frå eksisterande gang- og sykkelveg ved Langlovegen 27 til vegkrysset ved Ødegårdsvegen 96.

Planen vart sendt på offentleg ettersyn i perioden i 6 veker fram til 7.2.2018. På bakgrunn av ønskje frå naboar til vegen vart det og helde eit ope informasjonsmøte 31.1.18. Frå mange naboar har tilbakemeldinga vore at ny gangveg er eit velkomment tiltak, men at vegen tek for mykje hageareal, og den kjem for nær innpå bustadhusa. Ein har i etterkant av offentleg ettersyn prøvd å tilpasse planen slik det tek mindre hageareal og gangvegen blir flytta litt lenger mot sør.

I samband med planen er det sett krav om arkeologiske utgravingar ved 2 felt. Dei arkeologiske utgravingane er budsjettert til kr 980 000,-

Planforslaget

Bakgrunn for saka og beskriving av tiltaket går fram av forslaget med tilhøyrande beskriving.

Formålet med reguleringa/omreguleringa

Formålet med reguleringa/omreguleringa er å leggje til rette for trafikktryggleik langs Ødegårdsvegen.

Forhold til overordna planar

Planforslaget er i hovudtrekk i tråd med dei overordna planane. Området er i kommunedelplan for Stranda sentrum 1993-2002 synt som kommunal veg.

Førstegongsbehandling

Planforslaget blei førstegongsbehandla av Planutvalet 13.12.2017 sak 091/17. Planutvalet vedtok å fremje saka, sende henne på høyring og leggje henne ut til offentleg ettersyn.

Endringar etter førstegongsbehandling

Som ledd i kvalitetssikringa av planforslaget, og for å rette seg etter høyringsfråsegner, er det gjort mindre endringar.

Dei viktigaste endringane etter førstegongsbehandling:

- Vegen ved Ødegårdsvegen 191 til 205 er flytta 60 cm mot søraust og grøfta på nordsida er redusert med 1,5 m for å redusere inngrepa på eigedommane.
- Mellom profil nr. 500 og 800 er vegen flytta mot nord for å redusere fyllinga på sørsida.
- Kurva mellom profil nr. 950 og 1050 er slakka ut for å betre sikra og redusere inngrepet for eigedom 50/18 nord for vegen.

Høyringsfråsegner

Planforslaget blei lagt ut til offentlig ettersyn i perioden frå 14.12.2017 til 7.2.2018. I same periode blei forslaget sendt til fråsegn mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenestecområde i kommunen. Det kom inn totalt 8 fråsegner. Hovudtrekka i merknadene er refererte nedanfor.

Samla fråsegn frå grunneigarar langs Ødegårdsvegen dagsett 7.2.2018; Petter Rjånes, Ivar Jan Langlo, Kjell Inge Langlo, Stig Rødseth, Oddbjørg Langlo, Frode Rusten, Sølvi Andersen, Jo Andersen, Henrik Følmer, Claus Rødseth, Magne Gjerde, Liv Slyngstad, Oddbjørn Slyngstad, Stranda Eigedom AS, Jens Arne Ødegård, Otto Ødegård, Arnfinn Eliassen, Åge Eliassen, Turid Waagsbø, Ola Ødegård og Per Ødegård.

Bebuarane støttar grunngevinga for å legge gangvegen på nordsida av Ødegårdsvegen, men aksepterer ikkje så store inngrep i eigedommane på nordsida av vegen som planforslaget legg opp til. Dei opplever at inngrepa utgjør ein urimeleg reduksjon av livskvalitet og betydelig verdiforringing av eigedommane. Dei ber primært om at utvidinga av vegen skjer mot sør og at fortauskanten blir lagt der eksisterande vegkant ligg i dag. Alternativt kan dei strekke seg til å akseptere å avgi inntil 2 meter pluss mur utanfor dagens vegkant.

Kommentar frå rådmannen: I revidert planforslag er vegens senterline flytta 60 cm mot sør for dei eigedommane som ligg nærast gangvegen. For tomter som grensar nær opp mot vegen er grøftearealet redusert med 1,5 m slik at utvidinga av vegprofilen blir redusert med 1,5-2 m inn mot eigedommane i høve til slik planen var ved offentlig ettersyn. Hagarealet vil likevel bli redusert med meir enn 2 meter frå dagens veglinje som var grunneigarene sitt krav. For dei fleste eigedommane langs vegen eig kommunen ca 2,5m ut frå dagens vegbane. Ein har ikkje kunne i møtekomme grunneigarane sitt krav til maksimalt 2 meter utviding frå dagens veg, men ein har prøvd å tilpasse seg slik at ein minimerar inngrepet i hagane.

Fråsegn frå Eva I Soylu Habostad gbnr. 49/16 Langlovegen 20 dagsett 6.2.2018

1. Planforslaget legg opp til at dagens tilkomst til dyrka mark vert blokkert av rekkverk ved bru over Langloelva. Tilkomsten er avgjerande for drift av arealet og ny tenleg tilkomst må påreknast og planleggast i samråd med grunneigar
2. Køyrebana er planlagt utvida mot innkøyrse. Dette vil ha innverknad på helling og kan difor komplisere inn- og utkøyring. Det må leggast til grunn at det vertutarbeidd ein overgang mellom køyrebane og privat areal som gjev fornuftig tilkomst til veg, særleg med omsyn til helling. Dette må skje i samråd med grunneigar.
3. Køyrebana er planlagt utvida mot låvebru. Dette vil ha innverknad på stigningsgraden på brua, og vil difor komplisere inn- og utkøyring i vesentleg grad. Dersom køyrebana vert utvida mot dette arealet er det grunn til å tru at dette vil gjere bruken vanskelegare, og det er difor uønska at vegen skal utvidast mot dette arealet.

Kommentar frå rådmannen:

1. Vert teke til følgje. Ny tilkomst til dyrkamarka er vist på plankartet vest for eksisterande tilkomst.

2. Vert teke til følgje. Tilpassing til tilkomst vil bli detaljprosjekttert ved utarbeiding av byggeplan for vegen.
3. Vert ikkje teke til følgje. Køyrebana er planlagt utvida med 90 cm ved låvebrua. Vegen og sidearealet vil bli tilpassa mot låvebrua ved utarbeiding av byggeplan for vegen.

Fråsegn frå Statens vegvesen dagsett 9.1.2018

Det er ikkje etablert haldeplassar for buss langs strekninga sjølv om det går ei lokal ringrute her. For å betre trafikktryggleiken rår Statens vegvesen til at det vert lagt til rette for leskur og plattform på dei punkta der Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er behov, då utanom kryss og avkøyrse.

Kommentar frå rådmannen:

Fråsegna vert ikkje teken til følgje. I praksis stoppar folk bussen der dei bur, og det er tvilsamt at dei går til ein busshaldeplass. Kommunen meiner derfor det ikkje er aktuelt å legge til rette for leskur langs strekninga. FRAM vart varsla om oppstart av planarbeidet, men har ikkje uttalt seg om plansaka.

Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune dagsett 5.1.2018

Viser til at det er sett av tre område til vern av kulturminne samstundes som ein planlegg gang- og sykkelveg i dei same områda. Dette let seg ikkje kombinere, og kommunen må søke dispensasjon for desse kulturminna. Områda skal då merkast som område for føresegn i plankart og takast med i føresegnene.

Kommentar frå rådmannen

Fråsegna vert teken til følgje. I revidert planforslag er områda lagt inn som område for føresegn og lagt inn i planføresegnene.

Fråsegn frå Grethe Sæter Løvlid, grunneigar gbnr49/52 dagsett 8.2.2018

Godtek ikkje at det blir teke meir av eigendommen enn det som er planlagt eller at det det blir etablert grøft mot eigendommen. Ber om at eksisterande natursteinsmur mot Ødegårdsvegen blir flytta eller at det blir ført opp ein ny mur og støyskjerming på grunn av at trafikken kjem nærare huset.

Kommentar frå rådmannen

Fråsegna vert teken til følgje. Kommunen eig delar av arealet til hagen, og vil å nytte eige areal til veg. I revidert planforslag blir vegens skulderkant blir lagt i eigedomsgrensa. Planen legg til grunn at breidda på grøfta er redusert til 1 m og at eksisterande natursteinsmur bli reetablert utanfor grøfta. Inngrepa på eigendommen bli då redusert med 50 cm i forhold til opprinneleg planforslag.

Per Ødegård, grunneigar gbnr 50/1 dagsett 5.2.2018

Om ein flyttar veglinja ved Ødegårdvegen 137 mot syd vil det bedra sikta og auke trafikktryggleiken, samstundes som ein reduserer inngrepa i eigedomen på nordsida av vegen.

Kommentar frå rådmannen:

Fråsegna vert teken til følgje. I revidert planforslag er vegkurva ved Ødegårdsvegen 137 slakka ut.

Fråsegn frå NVE dagsett 11.1.2018

Ingen merknad

Fråsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 9.2.2018

Reguleringsplanen legg opp til å gje ein tryggare situasjon for mjuke trafikantar. Fylkesmannen ser

positivt på planforslaget, og har ut frå deira ansvarsområde ingen vesentlege merknader.

Kommentar frå rådmannen.
Teke til vitande.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

Samla vurdering:

Innkomne innseiingar til planen og merknadene rådmannen har til desse, går fram av høyringsfråsegnene ovanfor og rådmannen sine kommentarar til desse.

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og varetek nødvendige omsyn. Kommunen står overfor fleire utfordringar i dette området. Det er ein stor interessemotsetnad mellom omsynet til hageeigane langs vegen som får sitt areal redusert, og behovet for areal til gang og sykkelveg langs ødegårdsvegen. Ein har valt å legge gangvegen på nordsida sidan busetnaden hovedsakleg ligg der og ein ønskjer færrest moglege kryssingspunkt over vegen. Konsulent på prosjektet har vudert det slik at gangveg på 3 meter breidde er ei minimumsløysing for Ødegårdsvegen. Kommunen eig av deler av arealet som blir nytta til hage i dag. Det er planlagt å sette opp ein støttemur mot hagearealet. Arealet utanfor gangvegen må framleis kunne nyttast til snøopplagring, og må difor i planen synast som anna vegg grunn. Der det har vore mogleg har ein prøvd å flytte senterlinja på vegen noko mot sør, samstundes som ein har redusert breidda på grøftearealet utanfor gangvegen. Noko hageareal vil uansett måtte nyttast for å få plass til ny gangveg. Rådmannen vurderer det til at samfunnsinteressene knytt til trafikksikker veg må vektast tyngre enn tap av hageareal. Vekt på sikker og funksjonell gangveg langs Ødegårdsvegen er lagt til grunn for sluttbehandling og forslag til vedtak i saka.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår rådmannen at planforslaget «Detaljregulering for del av Ødegårdsvegen og Langlovegen blir vedteken.

Vedlegg:

Dok.dato:	Vedlegg:	Dok.ID
11.05.2018	Vedlegg 7 - ROS-analyse	228688
11.05.2018	Planomtale	228680
28.08.2018	Plan-Rp2vn2-V003_1525- ødegårdsvegen_UTM32	234503
28.08.2018	Føresegner - Detaljregulering Ødegårdsvegen og Langlovegen	234504

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Plan og bygningsloven § 12-12